

TYSNES KOMMUNE



DELEGASJON TIL RÅDMANNEN

Vedteke i Tysnes kommunestyre 12. april 2000

1. Delegering etter kommunelova

Med heimel i kommunelova § 23, nr. 4, får rådmannen fullmakt til å ta avgjerd i alle saker som ikkje har prinsipiell karakter.

Det er fleire forhold som må liggja til grunn når det skal fastsetjast om saker er av prinsipiell karakter:

- vedtaket sin karakter og konsekvens
- kommunen sin storleik
- samt at dei skjønsmessige sidene er klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Rådmannen får også fullmakt til:

- a) Fordela stønad til politiske parti etter reglar fastsette av staten.
- b) Godkjenna pantefråfall for kommunale lån i mindre parsellar utskilde frå hovudbruket når panteverdien i hovudbruket ikkje vert vesentleg forringa ved utskiljinga.
- c) Å godkjenna prioritetsfråvik for kommunale lån når ein finn at dette ikkje medfører risiko for tap for kommunen.
- d) Godkjenna godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn etter gjeldande reglement.
- e) Å rekvirera frådeling/oppmåling av kommunal eigedom.
- f) Å møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- g) Sal av kommunale industri- og bustadtomter i samsvar med dei rammer og fullmakter som er gjevne av vedkomande politiske styringsorgan.
- h) Å inngå og skriva under på kjøps- og leigeavtalar o.l. og å inngå kontraktsmessige avtalar om kjøp av varer og tenester, samt kjøp/sal/makebyte av fast eigedom. Dette må skje i samsvar med dei reglar og retningslinjer som er fastsett i lov og regelverk, og innanfor dei rammer og avgrensingar som ligg i årsbudsjett og økonomiplan.
- i) Å leiga ut kommunale husvære til egne tilsette og andre.
- j) Med unntak av skattekrav, å ettergje uteståande krav kommunen måtte ha opptil ein storleik på kr. 3.000,-.

Rådmannen kan delegera avgjerdsretten vidare innan administrasjonen.

2. Delegering etter særlov

1. Straffelova av 22. mai 1902 nr. 10 § 79, 5 ledd.

Rådmannen har i saker som er undergjevne offentleg påtale fullmakt til å melda brot på straffelova til politiet, be om gransking, påtale og straff, og til å setja fram krav om erstatning frå skadevaldaren i samsvar med kap. 29 i straffelova.

2. Konesjonslova av 31. mai 1974 nr. 19

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i einskildsaker, saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

3. Lov om handelsverksemd av 6. juni 1980 nr. 21

Rådmannen får fullmakt til å gje løyve til personar som vil driva oppsøkjande handelsverksemd, handel frå off. stader o.l. og torghandel, innanfor dei rammer, reglar og retningslinjer som til ei kvar tid er fastsett i lov, føresegner og kommunale vedtak.

4. Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6 m/føresegner

Kommunestyret sine fullmakter i alle saker av kurant karakter vert delegert til rådmannen.

5. Odelslova av 28. juni 1974 nr. 58

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

6. Forpaktningslova av 25. juni 1965 nr. 1

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

7. Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

8. Jordlova av 12. mai 1995

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

9. Viltlova av 29. mai 1981 nr. 38

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

10. Skogbrukslova av 21. mai 1965

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

11. Alkohollova av 2. juni 1989 nr. 27

Rådmannen eller ordfører får fullmakt til å gje ambulerande løyve for slutta lag til kl. 02.00. Rådmannen får også fullmakt til å peika ut kommunale kontrollørar.

12. Lov om opningstider for utsalsstader av 26. juni 1998

Rådmannen får fullmakt til å opptre på kommunen sine vegne etter § 3 i lova.

13. Grannelova av 16. juni 1961 nr. 15

Rådmannen får fullmakt til å opptre på kommunen sine vegne i nabotilhøve.

14. Opplæringslova av 17. juli 1998

Kommunestyret sine oppgåver i alle saker av kurant karakter vert delegert til rådmannen. Elevsaker av prinsipiell karakter kan likevel leggjast fram for oppvekst/omsorg.

15. Barnehagelova av 5. mai 1995

Rådmannen får fullmakt til å avgjera saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

16. Lov om helsetenesta i kommunane av 19. november 1982 nr. 66

Rådmannen får fullmakt til å avgjera og gje uttale i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

17. Lov om sosiale tenester m.m. av 13. desember 1991 nr. 8

Rådmannen vert delegert avgjerdsrett til å treffa vedtak og ta avgjerd i alle saker etter lova, innanfor rammer og føresetnader gjeve av overordna politisk organ, og så langt slik fullmakt ikkje er gjeve til særleg fagorgan eller fagperson.

18. Lov om barneverntenester av 17. juli 1992 nr. 100

Rådmannen vert delegert avgjerdsrett til å peika ut leiar av barneverntenesta.

19. Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973 nr. 14

Rådmannen vert delegert avgjerdsrett, så langt avgjerdsrett etter lova er lagt til kommunale organ.

20. Smittevernlova av 5. august 1994

Rådmannen vert delegert avgjerdsrett, så langt slik rett ikkje er lagt til særleg fagorgan eller fagperson.

21. Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77 med endringar av 18. mars 1994 nr. 5

Kommunestyret sin avgjerdsrett i ikkje prinsipielle saker vert delegert til rådmannen så langt lova opnar for dette.

22. Lov om brannvern av 5. juni 1987 nr. 26

Kommunestyret si avgjerdsrett etter lova, føresegner og vedtekter i alle kurante saker av administrativ karakter vert delegert til rådmannen.

23. Lov om brannfarlege varer av 21. mai 1971 nr. 47

Kommunestyret si avgjerdsrett i alle kurante saker av administrativ karakter vert delegert til rådmannen.

24. Lov om eksplosive varer av 14. juli 1974 nr. 39

Kommunestyret si avgjerdsrett i alle kurante saker av administrativ karakter vert delegert til rådmannen.

25. Kart- og delingslova av 23. juni 1978 nr. 70

Kommunen sine oppgåver etter § 1-2, 1. og 2. ledd, vert delegert til rådmannen.

26. Veglova av 21. juni 1963 nr. 23

Med heimel i § 9, 4. ledd, vert kommunestyret sin rolle som vegstyremakt for kommunale vegar delegert rådmannen i alle saker. Dette gjeld vegsaker etter §§ 29-34, 36-38, 40-43, 45, 47, 48, 50, 51 og 57 som ikkje er av prinsipiell karakter.

27. Vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr. 4 m/føresegner

Kommunen sine oppgåver etter § 4 i lova og §§ 21 og 22 i skiltføresegnene vert delegert til rådmannen.

28. Kyrkjelova av 7. juni 1996

Kommunen si fullmakt etter § 36 vert delegert til rådmannen.

3. ØKONOMI OG BUDSJETTSTYRING

3.1. VEDTAK SOM BERRE KAN GJERAST AV KOMMUNESTYRET

3.1.1 BUDSJETTET

- a) I samsvar med kommunelova § 45 skal kommunestyret sjølv innan utgongen av året vedta budsjett for komande kalenderår. Budsjettet skal vedtakast ut frå minimumskrava med omsyn til "formål" og "art", slik desse er nedfelte i budsjett- og reknekapsforskriftene.
- b) Berre kommunestyret sjølv kan gjennom budsjettendringsvedtak endra fordelinga mellom hovudkapitla.
- c) Kommunestyret skal sjølv vedta og eventuelt endra budsjettsummar på utgiftsartane 38-39 og innteksartane 78-79 (interne overføringar) som gjeld fleire hovudkapittel.

- d) Kommunestyret skal sjølv vedta det detaljerte budsjettet for hovudansvarsområde 1.8 og 1.9 (skattar, rammetilskot, renter, avdrag og avsetjingar m.m.), frårekna 1.855 asylmottak.
- e) Berre kommunestyret sjølv kan vedta kapitalbudsjettet (investeringsbudsjettet), eller gjera vesentlege endringar i det.
- f) Kommunestyret skal sjølv vedta kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar (her medrekna eigenbetaling) for kommunale tenester. Det same gjeld andre betalingssatsar som har prinsipiell karakter.
- g) Vedtak om å garantera for andre sine lån eller andre økonomiske plikter kan berre gjerast av kommunestyret sjølv.

3.1.2 REKNESKAPEN

Kommunestyret skal innan 1. mai godkjenna kommunerekneskapen for året før. Godkjenning skjer etter innstilling frå kontrollutvalet.

3.1.3 ØKONOMIPLANEN

I samsvar med kommunelova § 44 skal kommunestyret sjølv vedta økonomiplan for dei kommande fire åra. Også endringar i kommuneplanen kan berre gjerast av kommunestyret.

3.2. FORMANNSKAPET

- 2.1 Formannskapet skal i samsvar med kommunelova §§ 44 og 45 innstilla overfor kommunestyret når det gjeld økonomiplan og årsbudsjett.
- 2.2 Formannskapet får fullmakt til å endra rammene for andre hovudansvarsområde gjennom bruk av posten for tilleggsløyvingar og til ev. å fastsetja nærare vilkår for dette.
- 2.3 I kapitalbudsjettet får formannskapet fullmakt til å auka løyvinga på eit prosjekt, mot tilsvarende reduksjon på andre prosjekt. Dette gjeld utelukkande prosjekt som ligg inne i kapitalbudsjettet.
- 2.4 Formannskapet får fullmakt til å gjennomføra avsetjing til disposisjonsfond/bundne driftsfond frå driftsbudsjettet og kan tilsvarende gjera bruk av desse avsetjingane.

Dersom driftsrekneskapen ved rekneskapsavslutninga viser eit uindekka netto negativt driftsresultat (rekneskapsmessig underskot), får formannskapet fullmakt til å gjera vedtak om delvise strykingar i samsvar med § 14 i budsjett- og rekneskapsforskriftene. Denne fullmakta omfattar heile årsbudsjettet (alle hovudansvarsområde).

3.3 HOVUDUTVAL

- 3.1 Innanfor dei rammer kommunestyret har vedteke, får hovudutvala fullmakt til å vedta endringar i det detaljerte posteringsbudsjettet innafor sine ansvarsområde, med unntak av utgiftsartane 38-39 og inntektsartene 78-79.

3.4. RÅDMANN

- 3.4.1 Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra endringar i driftsbudsjettet, så langt desse ikkje er av prinsipiell karakter.
- 3.4.2 Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra avsetjing til disposisjonsfond av "øyremerka" midlar og til å bruka frå slike fond i samsvar med dei vilkår som er sette for bruken av midlane.
- 3.4.3 Ved rekneskapsavslutninga får rådmannen fullmakt til å setja av ikkje nytta løyvingar til kapitalføremål til fond. Føresetnaden er at det ikkje oppstår eit negativt driftsresultat som krev strykingar. Tidlegare avsette løyvingar til kapitalføremål kan brukast etter vedtak av rådmannen, under føresetnad av at det vert føreteke naudsynte budsjettjusteringar administrativt.
- 3.4.4 Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån som klårt går fram av kommunestyret sine budsjettvedtak, og til å refinansiera eksisterande lån. Refinansiering skal ikkje medføra endring i nedbetalingstida.
- 3.4.5 Rådmannen skal gjennomføra aktivering og avskrivning i kommunerekneskapen i samsvar med budsjettforskriftene. Aktiveringsgrensa skal vera kr. 50.000,- og levetida 3 år.
- 3.4.6 Rådmannen får fullmakt til å plassera overskotslikviditet, definert som maksimalt det som utgjorde den rekneskapsmessige likviditetsreserven avsett i kapitalrekneskapen ved siste årskifte.
- 3.4.7 Med heimel i budsjett- og rekneskapsføresegner for kommunar og fylkeskommunar fastsett av Kommunaldepartementet 27.10.93, gjev kommunestyret rådmannen mynde til å overføra beløp innanfor serien 00-39 til andre postar innanfor same underkapittel i tilfelle som ikkje er av prinsipiell karakter.
- 3.4.8 Rådmannen får fullmakt til å sjå under eitt utgiftspostar for løn og inntektspostar for refundert sjukeløn.
- 3.4.9 Overføringar som følgjer av vedtak i formannskapet eller kommunestyret, skal alltid reknast som kurante i forhold til fullmakta til rådmannen. Det same gjeld overføringar på under kr. 20.000,-.

Tilvisingsmynde:

Tilvisingsmynde vert lagt til rådmannen eller den han delegerer myndet vidare til.

AVGRENSING AV FULLMAKTS-/DELEGASJONSREGLANE

Disponering av rammeløyvinga må ikkje vera i strid med dei føresetnader og prioriteringar som ligg i kommunestyret sine budsjettvedtak, eller andre vedtak og prioriteringar.

Fullmaktene gjeve i dette reglementet kan ikkje nyttast dersom disponeringa vil ha konsekvenser for seinare budsjettår, eller når disponering av fondsmidlar medfører utviding av ansvarsområdet sine netto utgiftsrammer i seinare år av kommuneplanperioden

4. DELEGERING INNAN ADMINISTRASJON- OG PERSONALFORVALTING

Rådmannen er den øvste leiar for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer kommunestyret fastsett (jf. kl. § 23 nr. 1).

Rådmannen får fullmakt til:

- a) Å oppretta og leggja ned stillingar (faste og mellombelse) i dei høva der tiltaket er i samsvar med økonomiplan og budsjett (jf. kl. § 24 nr. 1). (Slike endringar skal koma med i kommentarar til budsjettframlegget.)
- b) Å tilsetja i alle stillingar med unntak av dei stillingane der kommunestyre og formannskap er tilsetjingsmynde. Rådmannen får dermed fullmakt til å tilsetja i alle stillingar utanom rådmann og etatsjefar.
- c) Å oppretta eller å leggja ned sysselsetjingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan.
- d) Forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane om lønsvilkår vert gjort i samsvar med § 26 i reglement for administrasjonsutvalet. Dei 3 arbeidsgjevar-representantane i administrasjonsutvalet er kommunen sitt forhandlingsutval.

Vidare får rådmannen, i samsvar med kl. § 23 nr. 4, fullmakt til å ta avgjerd i alle saker som må reknast å ikkje ha prinsipiell karakter og som er i samsvar med kommunen sitt til ei kvar tid gjeldande personal og permisjonsreglement.

GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT

1. Retningsliner for utøving av fullmakt

All delegert avgjerdsrett må brukast i samsvar med lover, føresegner og retningsliner gjeve av overordna organ og innanfor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan og kommuneplan.

2. Tilbakekalling av fullmakt i einskildsaker

Eit overordna organ kan krevja å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

3. Rett til å la vera å gjera bruk av delegert fullmakt i særskilte høve

Den som har fått delegert avgjerdsrett kan overlata det overordna organet å ta avgjerder i særskilde saker.

4. Omgjerdsrett

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjera om eit vedtak av underordna organ i samsvar med § 35 i forvaltningslova. I saker der ein part ikkje har klagerett over einskildvedtak, må slik omgjerding ikkje finna stad etter at vedtaket er gjort kjent for partane.

5. Mindretalsanke

I saker der folkevald organ er delegert avgjerdsrett frå kommunestyret kan tre medlemer, ordføraren eller rådmannen krevja saka lagt fram for kommunestyret. Krav må setjast fram i same møte som vedtaket er gjort, og skal protokollførast.

6. Partar sin klagerett

Partar og andre med rettsleg klageinteresse har rett til å få einskildvedtak overprøvd av næraste organ, i samsvar med reglane i forvaltningslova og særlover.